



Kjevikdalen avfallsdeponi, NGIR

Inspeksjonsrapport nr. 2009.098

Namn på verksemda:	Nordhordland og Gulen Interkommunal Renovasjonsselskap NGIR	Arkivkode:	2009/77 471
Adresse:	Kjevikdalen 5956 Vågseidet	Anleggsnr:	1263.039.03
Organisasjonsnr:	856167402	Bransjenr. (NACE – kodar):	38.2 Behandling og disponering av avfall
Utsleppsløyve av:	29.06.2009	Tidsrom for kontrollen:	24.09.2009
Tilstades frå verksemda:	Rune Ones Roger Fjellbø Hans Ove Valle	Frå Fylkesmannen:	Astrid Holte Barbro Relling

Rapporten inneheld

Denne rapporten skildrar dei avvika og merknadane som vart avdekka innan følgjande kontrollerte område:

- Mottak og mottakskontroll av avfall
- Stikkprøvekontroll
- Dokumentasjon av avfallet
- Internkontroll

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

1. Den driftsansvarlege har deponert avfall som ikkje er lovleg å deponere ved deponiet
2. Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld for mottak av avfall
3. Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld for registrering og dokumentasjon av avfall
4. Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld for prøvetaking og testing av avfall
5. Verksemda sin internkontroll er mangelfull

Frist for skriftleg tilbakemelding med stadfesting på at avvika er retta er: **15.02.2010**

Utarbeida dato : 4.12.09

Sign.:

Barbro Relling
sakshandsamar

Barbro Relling

Godkjent dato: 4.12.09

Sign.:

Kjell Kvingedal
seksjonssjef

Kjell Kvingedal

1. Definisjonar og informasjon

Kontrollaksjon Deponi 2009-2010 har som mål å redusere ulovleg deponering av avfall på deponi ved å sikre at:

- den driftsansvarlege ved deponiet gjennomfører ein tilfredsstillande mottakskontroll
- avfallsprodusenten gjennomfører korrekt og tilstrekkeleg basiskarakterisering og verifikasjon av avfall

Informasjon om regelverk og hjelpemiddel finst på www.sft.no og www.regelhjelp.no

Basiskarakterisering og mottakskontroll

Den som har gitt opphav til avfallet (avfallsprodusent) har ansvaret for at dette blir basiskarakterisert. Alt avfall skal basiskarakteriserast. Føremålet med basiskarakterisering, verifikasjon og mottakskontroll er å bidra til at følgjande er kjent før deponering; samansetnad, utlekingspotensial, miljøverknader og andre eigenskapar som har betydning for deponiet, på kort og lang sikt. Nærare krav går fram av avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II punkt 1.

Den driftsansvarlege ved deponiet avgjer om avfallet kan deponerast ved deponiet på bakgrunn av dokumentasjonen frå avfallsprodusenten og informasjon som den driftsansvarlege sjølv innhentar gjennom mottakskontroll av avfallet. Mottakskontrollen består i visuell kontroll av kvart lass, i tillegg til stikkprøvar av einssilde leveransar. Avfall som ikkje oppfyller kriteria for mottak ved deponiet skal avvisast.

Regelverk

- *Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd og § 29
- *Forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 9 om deponering av avfall og kapittel 11 om farleg avfall
- *Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta) § 5

Definisjonar

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgevinga; f eks brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene, eller krav og vilkår fastsett i løyve.

Merknad: tilhøve som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Kontrollgebyr: Sjå kapittel 39 i forureiningsforskrifta: *Gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven*. Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-3.

Farleg avfall

Det er ca. 60 000 tonn farleg avfall med ukjend handtering i dag. Noko av dette hamnar truleg på deponi, m.a. oljehaldig avfall, impregnert tre og PCB-haldig avfall. Resultat frå analysar teke av sigevatn frå deponi viser at det lek ut miljøgifter som kjem frå farleg avfall. Ved oppussing eller riving av bygg/anlegg må ein forsikre seg om at avfall blir teke forsvarleg hand om. Sjå også avfallsforskrifta kap. 15 om byggavfall, særleg § 15-5 om miljøkartlegging av farleg avfall.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke tilbakemelding innan fastsett frist, som godtgjer at avvika er retta, vil Fylkesmannen vurdere å ta i bruk tvangsmulkt. Før ev. vedtak om tvangsmulkt blir fatta, vil verksemda bli førehandsvarsla skriftleg og gjeve høve til å uttale seg, jf. forvaltningslova § 16.

Offentlege tilsynsrapportar

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- *Lov av 13.03.81 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd.*
- *Utsleppsløyve av 29.06.2009*
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 9, om deponering av avfall og kapittel 11, om farlig avfall*
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)*

3. Omfang

Følgjande område vart dekkja under inspeksjonen:

- Mottak og mottakskontroll av avfall til deponi
- Gjennomføring av stikkprøvekontroll
- Journalføring og dokumentasjon av mottakskontrollen
- Prøvetaking og testing
- Internkontroll

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda

4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekka under inspeksjonen:

Avvik 1

Den driftsansvarlege har deponert avfall som ikkje er lovleg å deponere ved deponiet

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 9-11, jamfør vedlegg II*

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- a) Den driftsansvarlege har deponert avfall som deponiet ikkje har høve til å deponere, jf avfallsforskrifta §§ 9-4, 9-6, 9-11
- b) Den driftsansvarlege har deponert avfall som deponiet ikkje har løyve til å deponere, jf vilkår i løyve datert
- c) Basiskarakteriseringa av avfall som er deponert er ikkje komplett og tilfredsstillar ikkje forskriftskrava (§ 9-11, jf. vedlegg II)
- d) Anna (kva):

Kommentarar:

Under inspeksjonen blei det observert at store mengder hageavfall var deponert. Denne type avfall skal ikkje deponerast, då den lett kan behandlast i form av kompostering.

Avvik 2:

Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld for mottak av avfall

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II og internkontrollforskrifta*

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- a) Deponieigar har ikkje dokumenterte kriterium for å avgjere om avfall kan deponerast (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- b) Deponieigar har ikkje dokumenterte kriterium for kva som skal vekke mistanke om at avfallet er forureina slik at grenseverdiane i pkt. 2.1 i vedlegg II kan bli overskridne (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.2 a)
- c) Den driftsansvarlege syter ikkje for at avfallet blir inspisert visuelt før og etter lossing (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- d) Den driftsansvarlege syter for at avfallet blir inspisert visuelt før og etter lossing, men inspeksjonen er mangelfull (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt. 1.4).
- e) Den driftsansvarlege avviser ikkje avfall som har mangelfull/manglande dokumentasjon på basiskarakterisering/verifikasjon (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- f) Den driftsansvarlege varslar ikkje forureiningsmyndigheit ved avvising av avfallslast (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- g) Den driftsansvarlege har inga/mangelfull journalføring av stikkprovar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- h) Anna (kva):

Kommentarar:

e) Det manglar basiskarakterisering for mellom anna følgjande avfallstypar til deponiet:

- Isolasjonsmatter frå tunellar
- Isolasjon levert frå Statoil og frå Sæbø skule
- Avfall frå eigne komprimatorbilar/ containerar

- Sandfangmassar
- Ristgoods
- Gips/asfalt/betong

Avvik 3

Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld for registrering og dokumentasjon av avfall

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II og § 9-12 og § 11-13*

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- a) Den driftsansvarlege fører ikkje register over deponert avfall (§ 9-12)
- b) Den driftsansvarlege har mangelfull registrering av deponert avfall (§ 9-12)
- c) Den driftsansvarlege oppbevarer ikkje eit eksemplar av basiskarakterisering / samandrag av basiskarakterisering (§ 9-11, jf. vedlegg II punkt 1.2)
- d) Den driftsansvarlege oppbevarer ikkje eit eksemplar av verifikasjonsrapport (§§ 9-12 og 9-11, jf. vedlegg II punkt 1.3)
- e) Anna:
Den driftsansvarlege overheld ikkje plikta til deklarerer av farleg avfall som blir slutthandsama ved deponiet, *jf § 11-13 plikter for den som håndterer farlig avfall*

Kommentarar:

Farleg avfall som blir slutthandsama på deponiet (t.d. asbest) blir ikkje deklarerert som farleg avfall og informasjon om dette blir ikkje sendt til Norsas.

Avvik 4

Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld for prøvetaking og testing av avfall

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II*

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- a) Stikkprøvekontrollen ved mottak er mangelfull/manglar (§ 9-11, jf. vedlegg II, pkt 1.4)
- b) Prøvetaking og testing blir ikkje utført av uavhengig og kvalifisert personell (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt. 3)
- c) Prøvetakingsrutinar er ikkje kvalitetssikra av uavhengig og kompetent institusjon (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt. 3)
- d) Testing av avfallet skjer ikkje under eit kvalitetssikringssystem som omfattar periodisk, uavhengig kontroll, f.eks. gjennom akkreditering eller system av liknande kvalitet (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt. 3)
- e) Prøvetaking og testing blir ikkje utført i samsvar med gjeldande standardar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt. 3)
- f) Prøvetakingsstrategi manglar (§ 9-11, jf. vedlegg II, pkt 3)
- g) Prøvetakingsstrategi sikrar ikkje representative prøvar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 3)
- h) Anna (kva):

Kommentarar til punkt a):

- **Det er ikkje gjennomført stikkprøver tilsvarande eitt pr 100 lass.**
NGIR har gjennomført nokre stikkprøvekontroll i form av å tilby å basiskarakterisering av avfall levert frå kundar med komprimatorbil/ container på deponitippen. I tillegg er det gjennomført stikkprøvekontrollar av eige avfall frå sorteringsanlegget. Talet på stikkprøver er for få i høve til kravet om ein pr 100 lass.
- **Ved stikkprøvekontroll er det ikkje tatt prøver basert på mistanke om innhald av farlig avfall i ordinært avfall.**
Ved mistanke om innhald av farleg avfall i ordinært avfall skal stikkprøvene testast. For restavfall frå sorteringsanlegg eller komprimatorbil vil det ofte kunne vere mistanke om at avfallet kan innehalde farleg avfall som til dømes isolasjon med bromerte flammehemmarar, puss, maling, fugemasse eller golvbelegg med PCB, og EE-avfall med miljøfarlige komponentar.

Mistanke kan oppstå på grunnlag av kunnskap om kva avfallet kjem frå eller ved visuell kontroll. Driftsansvarlig må etablere rutinar som seier noko om kva slags avfall som typisk bør vekke mistanke, sjå også punkt f).

Med mistanke meiner ein at avfallet kan innehalde restar av farleg avfall. Det er ikkje naudsynt at avfallet må innehalde så mye farlege stoff at heile avfallsleveransen skulle vore klassifisert som farleg avfall. Meininga med testen vil blant anna vere å avdekke om avfallet inneheld farlig avfall som bør sorterast ut før deponering.

- **Svarte sekkar vet ikkje opna**
Svarte sekkar skal opnast for å sjekke innhaldet ved stikkprøvekontroll, då det kan vere mistanke om innhald av farleg avfall i desse.

Kommentarar til punkt f):**Deponiet har ikkje etablert ein prøvetaksingsstrategi.**

Prøvetakinga skal vere basert på ein prøvetaksingsstrategi der ein tar omsyn til blant anna følgjande:

- samansetning og eigenskapar til avfallet
- gjeldande standard for prøvetaking av avfall
- representative prøvar

Avvik 5**Verksemda sin internkontroll er mangelfull****Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta), § 5 punkt 7

Kommentarar:

Det er ikkje etablert gode nok rutinar for å sikre at mottatt avfall tilfredsstillir kriterium for mottak, jf avfallsforskrifta § 9-11

- **Basiskarakterisering og verifikasjon**
Basiskarakterisering og verifikasjon er eit nyttig verktøy for deponieigarar for å sikre seg at avfallet som vert levert ikkje inneheld farlege komponentar. Dersom basiskarakteriseringa har mangelfull informasjon om opphav eller kva slags farleg avfall det kan innehalde, er det vanskelig for deponieigar å vite kva ein skal sjå etter ved den visuelle kontrollen og

stikkprøvekontrollen. Dersom avfall, som oppstår jamt, varierer mykje men er verifisert sjeldan, er det vanskeleg for deponieigar å vite om det tilfredsstillende krava til avfall som kan deponerast.

Avfall frå sorteringsanlegg og komprimatorbil varierer mykje. Dersom deponieigar skal sikre seg at dette avfallet tilfredsstillende kriteria for mottak, vil hyppig verifikasjon frå avfallsprodusenten gi god dokumentasjon. Verifikasjonen skal omfatte kontroll av **utvalde kritiske parameter** som vart bestemt i basiskarakteriseringa. Dette vil som oftast vere de same parametra som deponieigar kontrollerar ved stikkprøvene.

For avfall frå fleire sorteringsanlegg var det lagt opp til årleg verifikasjon, og det var ikkje identifisert kva parameter som skulle nyttast ved verifikasjonen.

- **Opphav og råvarer**

Det er i mange basiskarakteriseringar gitt for dårleg informasjon om korleis avfallet oppstår og om råvarene. Til dømes vil det for deponieigar vere nyttig å ha informasjon om tiltaksplan, miljørisikovurdering mm. for å vurdere om avfallet som vert teke imot, kan innehalde farlege komponentar som deponiet må vere spesielt merksame på. Dette er blant anna viktig som grunnlag for mistankekontroll og utplukking av lass for stikkprøver.

- **De farlige eigenskapane**

Deponiet må sikre seg at avfallet som det tek imot for deponering ikkje inneheld farleg avfall. Derfor må det finast informasjon om dei farlege eigenskapane og klassifisering av avfallet. For restavfall frå sorteringsanlegg og anna blanda avfall vil det ofte kunne vere mistanke om at heile eller delar avfallet er farleg avfall.

Dersom det er mistanke om innhald av farleg avfall, må ein gå ut frå at det er tatt analyser av miljøgifter i avfallet og at dette skal vere vurdert opp mot faresetningar etc i kap.11 i avfallsforskrifta (om farleg avfall). Deponieigar bør sikre seg slike analyseresultat som del av dokumentasjonen. Dette kan også vere aktuelle parameter til prøvetaking i samband med stikkprøvekontroll.

Kompetanse om farlig avfall og krav til dokumentasjon av avfallets kvalitet er mangelfull

Det er krav til særskilt fagleg kompetanse for å vurdere om avfall som blir levert til deponiet er innanfor rammene i deponiets driftsløyve og kriteria i vedlegg II for mottak av avfall. Dette gjeld både ved vurdering av dokumentasjonen på avfallets kvalitet i form av basiskarakterisering eller verifikasjon, ved visuell kontroll, ved stikkprøvekontroll og ved prøvetaking.

Avvikshandteringa ved mottakskontrollen er mangelfull

Verksemda har etablert rutinar for mottakskontroll og basiskarakterisering. Desse er noko mangelfulle og blir heller ikkje følgd.

Det er ikkje etablert gode nok rutinar for handtering av avvik funne ved visuell kontroll etter tipping. Dersom det blir funne avvik blir dette avfallet, oftast EE-avfall plukka ut og frakta til eige lager for dette i løpet av dagen. Det blir ikkje gitt tilbakemelding til kunde om desse funna.

Har ikkje gjort interne avklaringar på kvar grensa går for at det ikkje går avfall som er/kan vere farleg avfall i deponiet. Det er ikkje etablert interne fora der dette kan takast opp og avklarast.

Risikovurderinga er ikkje oppdatert

Verksemda gjennomførte ei risikovurdering i 2005/06 etter tilsyn frå Fylkesmannen. Den er ikkje oppdatert i høve til at regelverket vart endra både i 2007 og i 2009.

5. Andre tilhøve

Dispensasjon

Deponiet har fått dispensasjon frå forbodet mot deponering av biologisk nedbrytbart avfall frem til 1. april 2010. Etter dette tidspunktet må deponiet sikre seg dokumentasjon på at avfallet som vert deponert tilfredsstiller krav til innhald av totalt organisk karbon (TOC). Dette må også kontrollerast ved stikkprøvekontrollen.

Oppfølging av andre tilhøve ved deponiet

Under inspeksjonen observerte Fylkesmannen ein del tilhøve som ikkje var tema i høve til dette tilsynet, men som vil her vil peike på og eventuelt kome attende til. Dette gjeld særleg:

- Lukt frå slambehandlingsanlegget.
- Lagring av trevirke som til dels var rotne
- Drift av lagune for avvatning av sandfang
- Rot og midlertidige løysningar ved deponiet på grunn av pågåande ombygging